

## Eit rom

Du skal teikne eit rom. Nedanfor kan du lese om kva slags møblar som skal vere i rommet, og kor mange vindauge og dører det skal vere. Når du har teikna rommet med møblar i, skal du beskrive rommet ditt for ein kamerat. Kameraten din skal prøve å teikne rommet utan å sjå på ditt ark.

Så skal kameraten din beskrive sitt rom for deg, og du skal teikne. Etterpå kan de vise kvarandre teikningane dykkar og samanlikne.

I rommet ditt er det: ei dør, eit vindauge, gardiner, ei seng, eit garderobeskap, eit golvteppe, ei bokhylle, ein spegel, eit skrivebord, ein kontorstol, ein kommode og ei lampe. Du får bestemme sjølv kor tinga skal stå og kva fargar dei har.

### **Bruk desse formuleringane:**

Det/Den står ... på venstre / på høgre side.

Det/Den står/ligg ... til venstre for / til høgre for ...

Det/Den heng ... på / ved sida av ...

Det/Den står/ligg ... under / i / på ...